



VAKSDAL KOMMUNE
BYNÆRT BYGDELIV

Tertial 1/2022

Innhold

Økonomi pr 1.tertial 2022	2
Sentrale postar - Frie inntekter og netto finansinntekter/utgifter.....	2
Drift tenesteområda.....	4
Totaloversikt og prognose pr 1. Tertial 2022	5
Investeringar	7
Organisasjon.....	7
Vedlegg 1: Nærare om tenesteområde og einingar	10
Tenesteområde oppvekst.....	10
Tenesteområde helse og meistring	14
Digitalisering, innovasjon og samfunn.....	17
Felles økonomi	20
Vedlegg 1. Saker til Kommunestyret pr 1 tertial	21
Vedlegg 2 Andre vedlegg.....	22

Økonomi pr 1.tertial 2022

Sentrale postar - Frie inntekter og netto finansinntekter/utgifter

Sentrale poster 1 tertial 2022	Regnskap 2022	Budsjett 2022	Avvik 2022	Regnskap 2021	Årsbudsjett 2022
Andre overføringer	- 575 000	- 575 000	-		
Annet sal	-	-	-	202	- 2 300 000
Avdrag	55 768	68 000	12 232	54 562	34 000 000
Avsetjing til fond/overføring til kapitalrekneskap					12 325 000
Bruk av fond					- 1 675 000
Diverse	-	-	-	-	-
Eiendomsskatt	- 19 055 654	- 19 150 000	- 94 346	- 20 559 130	- 38 300 000
Gevinst aksjer og obligasjoner	1 193 766	500 000	1 693 766	2 685 506	
Ikke sentrale poster	279 761	-	279 761	280 894	-
Konsesjonsavgift	- 11 560 259	- 1 850 000	9 710 259		-
Konsesjonskraft	- 7 190 046	- 6 895 748	294 298	- 499 618	- 17 326 000
Overføring til andre	-	-	-		
Rammetilskudd	- 61 296 291	- 61 778 291	- 482 000	- 61 831 558	- 171 131 000
Renter	2 911 876	3 533 332	621 456	2 251 738	10 600 000
Skatt	- 37 458 989	- 48 165 722	- 10 706 733	- 45 175 752	- 115 229 000
Utbytte og renteinntekter	- 374 605	- 111 150	263 455	- 135 503	- 4 372 000
Grand Total	- 133 069 673	- 135 424 579	- 2 354 906	- 128 299 671	- 293 408 000

Sentrale poster viser pr 30.4.22 ein mindreinntekt på 2,35 mill. Eiendomsskatten er i balanse mens rammetilskot har så langt gitt 0,5 mill under budsjett. Skatt er rekneskapsført annleis enn budsjettert då naturressursskatten er ført på ein annan konto og står under konsesjonsavgift i oversikta over. Det blir fremja ein budsjettjustering på denne posten mot slutten av året. I oversikta over må ein sjå skatt og posten konsesjonsavgift under eit og då visar den ein mindreinntekt på om lag 1 mill. Aksjar og obligasjonar har ikkje gitt avkastning som tidlegare år og avviket pr 1 tertial er på 1,7 mill.

Skatt og rammetilskot

Den totale skatteinngangen til kommunen i 2022 er om lag 1 mill under budsjett pr 1 tertial. Både rammetilskot og skatt blei auka med til saman 2,7 mill i budsjettetthandsaminga, og desse endringane har så langt ikkje slått til. Skatteøyret er justert ned i statsbudsjettet men det var likevel forventa ein auke i skatteinngangen til kommunen i 2022 som følgje av at samfunnet har opna opp igjen etter pandemien. Auken har imidlertid blitt mindre enn forventa og kommunen har pr 1 tertial derfor eit negativt avvik. Skatteinngangen i landet har vist ein liten auke og dersom auken i landet er større ein auken i vaksdal, kan kommunen ta inn igjen noko i form av inntektsutjamning utover året.

Det står att å sjå effekten lokalt hos Vaksdal kommune, og inntektsutjamninga i rammetilskotet kan gjere at Vaksdal Kommune også nytar godt av ein nasjonal vekst, dersom kommunen ikkje ser ein lokal auke ved årsslutt.

Kommunen har ikkje motteke ekstra inntekter i 2022 for korona, og posten for rammetilskot er derfor samanliknbar med budsjettet. Posten viser eit mindre avvik pr 1 tertial, ref kommentar over. Det er enno uvisst kor mykje som blir dekka av korona kostnader i 2022, og om kommunen i det heile tatt får noko, og dette vil det forhåpentlegvis kunne seiast meir om i 2 tertial.

Eiendomsskatt

Så langt i 2022 er eiendomsskatten om lag som budsjettert.

Renteinntekt/Utbytte

Renteinntekt er over budsjett så langt. Utbytte frå BKK er ikkje kommen pr 1 tertial men det er varsle at det er om lag 1 mill over budsjettert sum. Dette vil komme med i 2 tertial.

Aksjar og obligasjonar

Pr 1.tertial er det ein negativ utvikling på porteføljen, og så langt gjer porteføljen eit negativt avvik på 1,7 mill mot budsjettet. Det vart i budsjetthandsaminga for 2022 budsjettert med ein avkastning på 1,5 mill på året og det er stor avstand til dette etter 1 tertial. Dette svingar frå månad til månad men så langt er det negativt resultat til kommunen. Meir detaljar finn ein i vedlagte rapport frå BCM.

Renter og avdrag

Renteutgiftene er så langt under budsjettert nivå men mesteparten av desse utgiftene kjem seinare på året. Årets låneopptak er planlagt tatt opp etter sommaren. I september 2021 fekk vi første renteauke på styringsrenta, opp frå 0,00% til 0,25%, og sidan har styringsrenta auka til 0,75%. Det er varsle fleire renteaukingar i løpet av tida framover og dette vil auke utgiftene noko.

Kommunen prøver å ta opp korte lån for å redusere nedsidene av dette. Avdrag blir betalt i oktober og vil auke til budsjettert nivå ved årets slutt. Dette vert kontrollert mot minimumsavdrag pr 31.12.

OFFENTLIGGJØRING	STYRINGSRENTE
05.05.2022	0,75
24.03.2022	0,75
20.01.2022	0,50
16.12.2021	0,50
04.11.2021	0,25
23.09.2021	0,25
19.08.2021	0,00
17.06.2021	0,00
06.05.2021	0,00
18.03.2021	0,00
21.01.2021	0,00
17.12.2020	0,00
05.11.2020	0,00
24.09.2020	0,00
20.08.2020	0,00
18.06.2020	0,00
07.05.2020	0,00
20.03.2020	0,25
13.03.2020	1,00
23.01.2020	1,50
19.12.2019	1,50

Oppsummert frie inntekter og netto finansinntekter/utgifter

Skatt og rammetilskot er under budsjett og det er venta at dette vil utvikle seg jamt utover året. Skatteøyret er sett ned i forhold til tidlegare og dette gjer kommunen mindre fordelte inntekter. Eigedomsskatten er venta å balansere. Inntektene frå konsesjonskraft er selt til avtalt pris. Gevinst aksjar og obligasjonar er budsjettert i 1,5 mill og har førebels ein negativ utvikling og dersom ein slik kursutvikling fortsett, så vil dette svekke resultatet ved årsskiftet.

Det er knytt uvisse til pensjonsutgiftene også for 2022 då avkastninga i mellom anna KLP har noko å seie på nivå på premieavvik. Kommunen har amortiseringsfond og vil legge opp til å føre til/frå dette ved store avvik i pensjonsberekinga ved årsslutt. Pr 1 tertial veit vi ikkje størrelsane på dette så det er derfor ikkje mogeleg å gjere nokon budsjetjustering på dette så langt. Men som vi såg i 2021 kan dette gje store utslag på resultatet ved årets slutt.

Økonomisk oversikt drift jf §5-6

Økonomisk oversikt drift jf §5-6 viser driftsrekneskapen summert på hovudposter. Det er for tidleg å seie noko om årsprognose på oversikta men kommunen jobbar for å tette avviket innanfor dei enkelte områda.

Tenesteområde	Regnskap 2022	Budsjett 2022	Avvik 2022
Driftsinntekter	-158 324 731	-157 089 869	1 234 862
1. Rammetilskudd	-61 296 291	-61 778 291	-482 000
2. Inntekts- og formuesskatt	-37 458 989	-48 165 722	-10 706 733
3. Eiendomsskatt	-19 055 654	-19 150 000	-94 346
4. Andre skatteinntekter	-11 560 259	-1 850 000	9 710 259
5. Andre overføringer og tilskudd fra staten	-3 565 960	-1 070 675	2 495 285
6. Overføringer og tilskudd fra andre	-16 525 101	-15 025 448	1 499 653
7. Brukerbetalingar	-7 051 224	-5 681 773	1 369 451
8. Salgs- og leieinntekter	-3 636 253	-4 367 960	-731 707
Driftsutgifter	146 108 384	130 739 722	-15 368 662
10. Lønnsutgifter	78 463 614	71 780 329	-6 683 285
11. Sosiale utgifter	24 763 046	23 017 971	-1 745 075
12. Kjøp av varer og tjenester	33 158 246	30 605 788	-2 552 458
13. Overføringer og tilskudd til andre	5 973 478	5 335 634	-637 844
Finansinntekter	-2 160 515	-631 150	1 529 365
17. Renteinntekter	-387 177	-111 150	276 027
18. Utbytter	-4 000	0	4 000
19. Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-1 767 338	-500 000	1 267 338
6. Overføringer og tilskudd fra andre	-2 000	-20 000	-18 000
Finansutgifter	5 929 273	3 601 332	-2 327 941
19. Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	2 961 104	0	-2 961 104
20. Renteutgifter	2 912 401	3 533 332	620 931
21. Avdrag på lån	55 768	68 000	12 232
Disp. eller dekning av netto driftsresultat	19 490	0	-19 490
26. Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	19 490	0	-19 490
Totalsum	-14 003 099	-23 379 965	-9 376 866

Drift tenesteområda

Tenesteområde	Regnskap 2022	Budsjett 2022	Avvik 2022	Herav Korona	Rev årsbudsj	Regnskap 2021
Fellesområde Økonomi	9 772 532	9 392 056	-380 476	-204 315	17 128 000	11 761 446
Tenesteområde Digitalisering, Innovasjon og Samfunn	17 745 662	15 942 027	-1 803 635	-148 024	45 378 000	14 386 701
Tenesteområde Helse og Meistring	53 408 166	49 446 585	-3 961 581	-4 011 931	132 938 000	51 185 108
Tenesteområde oppvekst og kultur	38 140 214	37 263 946	-876 268	-669 656	99 464 000	38 617 902
Totalsum	119 066 574	112 044 614	-7 021 960	-5 033 926	294 908 000	115 951 157

Tabellen over viser resultat for tenesteområda pr 1. tertial, og viser omlag -7,0 mill. i overforbruk på områda utanom sentralområdet. I motsetnad til tidlegare år veier ikkje inntekta på sentralområdet opp for meirforbruket, og kommunen har eit stort negativt avvik pr 1 tertial.

Rekneskapstala viser forbruk pr 1 tertial. Heile organisasjonen gjennomfører tiltak for å balansere drifta. Tiltak for å nå budsjettbalanse vil pågå men med auka utgifter på til dømes helseområdet vil det vere krevjande å tette til årets slutt. Det er knytt spenning til kor mykje av korona utgiftene som blir kompensert ved rapportering ut året og det vert forutsett av kommunen får dekka alle utgifter. Dette vil betre resultatet noko. Men så langt har det kome utelede signaler frå regjeringa på om kommunane får dekka dette. Tidlegare var det sagt at kommunane skulle få dekka dei meirutgifter som vi har men i framleggelsen av revidert nasjonalbudsjett var bodskapet betydeleg

meir utydeleg. Vaksdal kommune er avhengig av å få kompensert desse utgiftene for å kunne komme i balanse ved årsslutt.

Korona

Kostnader Korona					
År	2022	Prosjekt	D99004	Måned	(Flere eller flere)
Kostra kode	All	Rapp.Ko	Rapp. Konto t	Values	
Tenesteområde		A1	Løn inkl sykelønsrefusjonar	204 315	0 570 175
Fellesområde Økonomi		B1	Driftsutgifter uten løn		2 053
Fellesområde Økonomi Totalt				204 315	0 572 228
Tenesteområde Digitalisering, Innovasjon og Samfunn		A1	Løn inkl sykelønsrefusjonar	146 986	0 629 692
		B1	Driftsutgifter uten løn	1 038	0 105 705
Tenesteområde Digitalisering, Innovasjon og Samfunn Totalt				148 024	0 735 397
Tenesteområde Helse og Meistring		A1	Løn inkl sykelønsrefusjonar	3 693 686	0 3 166 355
		B1	Driftsutgifter uten løn	318 245	0 429 159
Tenesteområde Helse og Meistring Totalt				4 011 931	0 3 595 514
Tenesteområde oppvekst og kultur		A1	Løn inkl sykelønsrefusjonar	669 491	0 1 397 496
		B1	Driftsutgifter uten løn	165	0 213 851
Tenesteområde oppvekst og kultur Totalt				669 656	0 1 611 347
Totalsum				5 033 926	0 6 514 486

Korona kostnader er ekstra kostnader som einingane har som følgje av den pågående pandemien. Så langt i 2022 har kommunen ikkje motteke korona midlar frå regjeringa. Vi veit ikkje kva det vil gje, men det er forutsett at kommunen får dekka alle koronarelaterte utgifter i løpet av året. Utgifter til korona er ekstra personell, smittevern, vaksinering, testing, KKL osv. Det er venta at kostnadane til korona ikkje vil auke vesentleg ut året då tiltaka i pandemien er meir eller mindre borte.

Totaloversikt og prognose pr 1. Tertiアル 2022

Tenesteområde	Regnskap 2022	Budsjett 2022	Avvik 2021	Herav Korona	Årsbudsjett 2022	Regnskap 2021
Fellesområde Økonomi	9 772 532	9 392 056	-380 476	-204 315	17 128 000	11 761 446
Sentraltøkonomi	-133 069 673	-135 424 579	-2 354 906	-294 908 000	-	-128 299 671
Tenesteområde Digitalisering, Innovasjon og Samfunn	17 745 662	15 942 027	-1 803 635	-148 024	45 378 000	14 386 701
Tenesteområde Helse og Meistring	53 408 166	49 446 585	-3 961 581	-4 011 931	132 938 000	51 185 108
Tenesteområde oppvekst og kultur	38 140 214	37 263 946	-876 268	-669 656	99 464 000	38 617 902
Totalsum	-14 003 099	-23 379 965	-9 376 866	-5 033 926	0	-12 348 514

Totaloversikten for rekneskapen pr 1. tertial viser eit førebels resultat i meirforbruk. Avvika innan tenestene er framleis høge og heile organisasjonen jobbar kontinuerleg med å redusere kostnader og effektivisere drifta. Det er krevjande å holde ramma når talet på brukarar av kommunale tenester er høgare enn det som det er tatt høgde for i budsjettet. Kommunen har ikkje fått koronamidlar for 2022. Det er ikkje sagt noko om ny rapportering og det er ei viss uvisse om kor mykje kommunane vil få i kompensasjon i 2022. Men det er forutsett, som tidlegare sagt, at dette vil bli kompensert også i år.

Helse og meistring har utfordringar å balansere talet på brukarar og det hjelpebehovet som er der, mot budsjettet. I kostra rapporteringar visar at Vaksdal kommune har høge utgifter til helse sett opp mot andre kommunar, men å heile tida tilpassa tenestene til reduserte rammer er krevjande.

Handlingsrommet i dei nærmaste åra må nyttast til å gjere nødvendige endringar for å møte utfordringane med ein større del eldre fram mot 2030. Det er ei krevjande, men nødvendig tilpassing når inntektsgrunnlaget vert stadig strammare jf. økonomiplanen. Betre dimensjonering av tenestene på ulike omsorgsnivå vil gje reduserte kostnader jf resultata som er presentert av Agenda Kaupang i 2020.

Det er venta positivt premieavvik på fellesordninga i KLP utover det som er dekka av premiefondet. Premieavviket skal avskrivast dei neste sju åra og vert jf. budsjett 2022 dekka av amortiseringsfondet. Men som i 2021, kan inntektsføringa på premieavvik i 2022 overskride utgiftssida og det vil betre resultatet på kort sikt (år 1), men kan ikkje seiast tydeleg nok at dette er ikkje ein måte å bygge langsiktige tenester på.

Utbytte vil sannsynlegvis overskride budsjett og det vil betre resultatet, kanskje med så mykje som 1 mill. Det forutsett at dei selskap kommunen får utbytte frå, gjer gode utbytte.

Dersom også skatt og rammetilskot jamnar seg ut utover året vil avviket på sentralområdet tette seg. Men dette er usikkert og for tidleg å seie nokke sikkert om dette, etter 1 tertial.

Tenesteområda foreslo i kommunedirektøren sitt forslag å redusere talet på stillingar i einingane. Dette blei ikkje vedteke til fordel for auka inntekter. Desse tiltaka blir ikkje foreslått igjen pr 1 tertial men kan være naudsynt å vurdere/gjennomføre desse, dersom den økonomiske stoda ikkje betrar seg.

I Statsforvaltarens brev til Vaksdal Kommune etter innsending av budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025, kommentarar dei at dei framleis er uroa over utviklinga av lånegjelda og konsekvensen det har på tenestetilbodet i tida framover. Statsforvaltaren kommenterer også at det er viktig at kommunen har eit tilstrekkeleg disposisjonsfond for å vere ein buffer mot uføresette økonomiske hendingar.

Investeringar

Fleire av prosjekta opplever auka kostnadar som følgje av høg prisvekst på varer og tenester. Leveringsvanskar for enkelte varer med påfølgande prisvekst, høge energi- og transportkostnader samt mangel på arbeidskraft i enkelte bransjar skaper utfordringar for leverandørane og kommunen som byggherre. Kommunen følgjer dette tett og vil om nødvendig innstille på budsjettjusteringar ved 2. tertial.

Vaksdal skule er eit av prosjekta som er påverka av den generelle kostnadsauken. Prosjektet er i sluttfasen og kommunen har delvis overtatt bygget. Ferdigstilling av uteområdet og gangveg vert tatt no i sluttfasen. Skulen vil stå klar til skulestart i august i år.

Helse og omsorgsbygget skal ha innflytting hausten 2023. Prosjektet har litt forseinka framdrift som entreprenøren prøver å ta inn i andre fasar av prosjektet. Også her meldast det om vanskars knytt til den anstrengde situasjonen for bransjen.

Reguleringsplan for Dale Gravplass og bussterminal Dale er venta ferdig i år. For gravplassen har utfordringar knytt til flaumvurderingar og handtering tatt noko lenger tid enn føresett. For kollektivterminalen har det lenge vore uvisse knytt til fylkeskommunen sin rolle og økonomiske bidrag i prosjektet. For å få realisert prosjektet må kommunen stå for utbygginga. Fylket har satt av noko midlar til finansieringa.

Områdeplan for Vaksdal er i ein avsluttande fase for fullføring i løpet av året og behandling tidleg i 2023. Kommuneplanens samfunnsdel er i oppstart.

Større og mindre prosjekt innan kommunale bygg, veg og VA pågår løpende. Solskjerminga for Helsehuset på Dale er ferdig i vår, ombygging av brannstasjonen på Vaksdal pågår.

I vinter oppsto det ein større skade under og på idrettsbana på Vaksdal. Etter heftige nedbørsmengder utvikla det seg synkehøl på bana. Nærare undersøkingar avdekka omfattande skader på kommunen sitt OV-anlegg under bana, truleg har det utvikla seg over tid. Kommunen må bygge nytt overvatn-system i området og idrettsbana må fornyast. Omfanget av arbeidet er ikkje avklart pr første tertial og det er naudsynt å hente inn ekstern kompetanse i alle delar av prosjektet. Avsette midlar i årets budsjett til kr 2 mill til rassikring/overvatn vert nytta i år, så vert det lagt fram vidare finansiering i samband med budsjett og økonomiplan for komande år.

Organisasjon

Kommuneorganisasjonen er den største arbeidsplassen i Vaksdal. Om lag 430 personar fordelt på om lag 320 årsverk inkludert vikarar har kommunen som arbeidsgjevar. Menneska som arbeider her er vår viktigaste ressurs. Mange fagprofesjonar og yrkesgrupper er representert for å løyse kommunen sitt mangfold av oppgåver. Ei formålstenleg organisering, effektive arbeidsprosessar og god ressursbruk skal sikre at innbyggjarane mottar tenester av rett kvalitet og til rett tid, og at organisasjonens ressursar vert nytta på ein effektiv måte og innafor vedtatte økonomiske rammer

Kommunen arbeider heilskapleg med helse, miljø og tryggleik. Å utvikle godt leiarskap og aktivt medarbeidarskap er målsettingar for eit godt arbeidsmiljø og HMT. HMT-planen med vernerundar, lokale arbeidsmiljøgrupper, sjukefråværsoppfylging, medarbeidarsamtalar, medarbeidarundersøking, kursing og leiarprogram er alle gode verktøy for både det systematiske og individretta arbeidet.

Avvikshandtering og risikoanalysar gir grunnlag for læring og auka medvit om risikofaktorar og førebygging.

10 faktor medarbeidarundersøking vert gjennomført kvart 2.år. Siste gjennomføring var i november /desember 2021. Handlingsplanar/tiltakspanalar skal handsamast i AMU i juni 2022.

Kommunen har målsetnaden om eit samla sjukefråvær på **7 %**. Situasjonen med pandemi har påverka fråværet frå mars i 2020 og fram til mars 2022. Pr. 1. kvartal i år er samla fråvær 1,2% -poeng høgare enn på same tid i fjar.

Eining	Q1-2020	Q1-2021	Q1-2022
Barnehage og kultur	17,5	16,4	16,9
Skule	8	10,1	11,4
Digitalisering, innovasjon og samfunn	5,5	7,2	9,3
Helse og meistring	12,9	11,4	12,5
Rådmann, stab, NAV m.fl.	5,9	3,9	3,8
Kommunen samla	9,9	10,6	11,8

Læring, utvikling og innovasjon

Endringstakten i arbeidslivet er stadig aukande. Nye måtar å løyse oppgåver på er heilt nødvendig for å klare gjennomføre komplekse utfordringar og knappheit på ressursar framover. Dette arbeidet krev at vi har gode leiarar, tilsette som er gode på å utvikle seg sjølv, samarbeid med tillitsvalde og aktiv stabsstøtte i gjennomføringa. Oppdatert kompetanse og gode system er avgjerande når ein gjennomfører endring og omstilling. Digitalisering, endringsprosessar og nye arbeidsmåtar er dei største arbeidsgjevarutfordringane vi ser framover. Det kan bli utfordrande å rekruttere, utvikle og behalde tilsette innan enkelte stillingar i framtida.

Dei gjennomgåande måla i planperioden er styrande for mål og tiltak for organisasjonen samla.

- Organisasjonsutvikling og innovasjon- pågående utviklingsarbeid i 2022
- Kompetanseutvikling – Strategisk kompetanseplan, operativ kompetanseplan for kvar eining og individuelle kompetanseplanar som planlegges i medarbeidarsamtalar. Dette gjøres gjennom heile 2022 og løpende deretter.
- Verksemderstyring og kvalitetsutvikling – ta i bruk alle moduler i nytt kvalitetssystem (Net power kvalitet)
- Digitalisering – pågår kontinuerlig i alle deler av drifta, samt felles handlingsplan og prosjekt med andre kommunar


- Kommunikasjon og openheit – løpende arbeid
- Sjukefråvær - Sette inn nye tiltak og oppfølging av leiarane. Arbeide målretta med reduksjon av sjukefråvær. Regelmessig oppfølging og individuelt tilpassa tiltak - pågår løpende i alle einingar
- Auke tal lærlingar i samsvar med vedtak - tidvis vanskeleg å rekruttere
- Implementere ny arbeidsgjeverpolitikk
- Implementere ny/revidert lønspolitikken



Organisasjonen prioriterer eit kontinuerleg kompetanse-, innovasjon og utviklingsarbeid. Kommunen samarbeider aktivt med ulike FoU miljø og andre kommunar. Samarbeid med andre kommunar er alt frå faglege program og nettverksarbeid til bruk av ny teknologi og digitalisering.

Likestilling, inkludering og mangfold

Vaksdal kommune skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering. Organisasjonen skal vera prega av openheit, inkludering og mangfold – utan diskriminering på grunnlag av etnisitet, livssyn, kjønn, funksjonsevne, alder eller seksuell orientering. Kommunen skal tilby likeverdige tenester til alle. Dette gir retning for kommunen sin rolle som samfunnsutviklar, tenesteytar og arbeidsgjever.



Kommunen har som mål å redusere uønskt deltid og auke heiltidsstillingar. Det er flest deltidsstillingar i helse og meistring. Dei fleste som søker større stilling får dette nå vi har noko ledig. Ein ganske høg andel har i dag mellom 80 – 100% stilling i helse og meistring. Dei arbeidstidsordningane som er mest brukt i helse i dag, gir fleire deltidsstillingar på helg. Det har over tid vore arbeidd med å få på plass nye alternative turnusar. Frå nyttår 2022 har vi lykkes med å få på plass årsturnus for fagarbeidarar og assistentar. Målet er å få på plass årsturnus også for sjukepleiarar. Det er særleg helgejobbing som skaper utfordringar.



Kommunesektoren er kvinnedominert. Pr. 31.12.21 var andel kvinner i Vaksdal kommune 80,4 % og menn 19,6 %. Pr 31.12.2021 var det 70 % kvinner og 30 % menn i leiande stillingar. Kommunen har som mål å få tilsett fleire menn, spesielt i barnehage, skule og helse og omsorg.

Vaksdal kommune ønsker å rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Fleire av desse har fått arbeid i kommunen dei siste åra. Det er krav til formel utdanning i dei fleste stillingar i kommunen i dag. Vaksdal Introsenter (VIS) er lagt ned. Kommunen kjøper norsk og grunnskuleopplæring frå andre kommunar. Dette sikrar best mogleg kvalifikasjoner til framandspråklege. Vi samarbeider tett med NAV om praksisplassar, jobbtilbod eller utdanningsløp.

Kommunen har tilsette i alle aldersgrupper. 125 personar, fordelt på 96,51 årsverk er over 55 år. 91 personar, fordelt på 55,81 årsverk er under 33 år. Resterande 168,88 årsverk er i alderen 33-55 år ved utgangen av 2021.

Etikk, kvalitet og eigenkontroll

Kommunen ønsker å legge til rette for god styring, kontroll og arbeid med kvalitet i heile organisasjonen. Kvalitetssystemet gjer det enkelt for tilsette og leiarar å finne alle relevante dokument og skjema, synleggjera prosesser og analyser, og det skal være enkelt å få tilgang til styringsdata som avviksstatistikk og risikoanalysar.

Innafor helse, miljø og tryggleik er kvalitetssystemet eit godt verktøy. Rutinar, prosedyrar og retningslinjer er lett tilgjengeleg via intranettet eller direkte i kvalitetssystemet.

Det er enkelt å melde, fylgje opp og få oversikt over avvik. Nytt kvalitetssystem blei implementert i november 2021.

Kommunen har etiske retningslinjer nedfelt i arbeidsgjevarstrategien. Etikk og etiske problemstillingar er sentralt tema i arbeidet med kvalitetsutvikling i heile organisasjonen. Kommunen skal vera ein open og solid organisasjon med høg etisk standard.

Vedlegg 1: Nærare om tenesteområde og einingar

Tenesteområde oppvekst

Tenesteområdet oppvekst er pr. 1. tertial 2022 tenestene skule, oppveksttun, barnehage, kultur og inkludering, NAV, barnevernet og PPT.

Oppvekst	Herav					
	Regnskap 2022	Budsjett 2022	Avvik 2022	Korona	Årsbudsjett 2022	Regnskap 2021
Barnehage, Kultur og Inkludering	9 934 959	11 140 332	1 205 373	-181 744	30 030 000	10 501 913
Politisk/Kommunedirektør/Stab	3 578 655	3 015 333	-563 322	-84 718	7 158 000	3 640 586
Skule	24 626 600	23 108 281	-1 518 319	-403 194	62 276 000	24 475 403
Totalsum	38 140 214	37 263 946	-876 268	-669 656	99 464 000	38 617 902

Oppvekst har meirforbruk etter 1. tertial. Samla er det eit negativt avvik på nær 0,9 mill. Vel 0,6 mill er merka koronatiltak. Under felleskostnadene er det økonomisk sosialhjelp som utgjer avviket. Økonomisk sosialhjelp har høgare utbetalingar enn budsjettet pr tertial med vel 0,6 mill. Dette er noko høgare enn same tid i fjar. Skule og barnehage, kultur og inkludering vert utdjupa under den enkelte eining.

Førebuing til nytt skule- og barnehageår

Både skular og barnehagar er i gang med rekruttering og tilsettjing av lærarar, barnehagelærarar og assistenter/fagarbeidarar. Det ser i stor grad ut som vi vil lukkast med å rekruttera kvalifisert personale, men har i år større utfordringar enn tidlegare år med å rekruttera lærarar med kompetanse til å undervisa 1. – 4. årssteg.

Fleire lærarar og barnehagelærarar har søkt vidareutdanning i 2022/2023. Av desse har 8 lærarar og 1 barnehagelærarar fått plass gjennom Utdanningsdirektoratet si ordning med vidareutdanning. Ved søknad og opptak for hausten 2022 er det ytterlegare nedgang i tal born som er søkt inn i barnehage. Det som likevel er gledeleg er at trenden med at fleire 1 og 2 åringer skal gå i barnehage held seg høgt, slik som i 2021. Vaksdal har tidlegare år hatt nær 20 % færre barn i alderen 1-2 år i barnehage enn samanliknande kommunar. Talet har lagt på mellom 55 – 65 % av det totale

barnetalet vårt. Ved opptaket for hausten, pr. 30.04.22, er 73 % av totalt barnetalet i aldersgruppa 1-2 år søkt inn. Barnetalet og tal plassar vil likevel gå noko ned på grunn av små årskull.

Barnehage	Plassar/tal born 2018/2019	Plassar/tal born 2019/2020	Plassar/tal born 2020/2021	Plassar/tal born 2021/2022	Plassar/tal born 2022/2023
Stamnes	22/15	14/13	14/13	13/12	10/7
Dale	42/42	42/42	36/36	47/34	32/32
Stanghelle	110/79	118/82	98/69	83/58	76/51
Vaksdal	84/65	70/60	68/58	70/56	66/52
Eksingedalen				5/3	4/2
Samla	259/202	244/197	216/176	212/163	188/144

På skulane byrja det det 47 born på 1. årssteg hausten 2022. Elevane er fordelt slik

- Stanghelle skule, 12 elevar
- Vaksdal skule, 16 elevar
- Dale skule, 12 elevar
- Stamnes, 5 elevar
- Eksingedalen skule, 2 elev

Det byrjar 56 elevar på ungdomssteget, av desse 55 på Dale skule og 1 ved Eksingedalen skule. 44 elevar er klare for vidaregåande skule.

HMT

Avdelingane innan oppvekst arbeider med nærvær på arbeidsplassen der fokus er kor viktig den enkelte tilsette er for kvaliteten på tenesta. Stabilitet i personalet gjev tryggleik for born og unge. Tala viser at skule etter 1. kvartal har høgare fråvær enn måltalet og høgare enn tidlegare år, med 11,4 % fråvær. Barnehage er høgare enn måltalet, med 16,9 %. Dette er er òg høgare enn i fjer. Noko av fråværet er knytt til pandemien og ein merka større press knytt til smitte og fråvær blant tilsette i 1. kvartal enn gjennom resten av pandemien. Det er variasjon i sjukefråværet mellom dei ulike skulane og barnehagane. Alle skulane, barnehagane og andre avdelingar i oppvekst har gjennomført vernerunde i 1. tertial.

Barnehage, kultur og inkludering

Oppvekst	Herav					
	Regnskap 2022	Budsjett 2022	Avvik 2022	Korona	Årsbudsjett 2022	Regnskap 2021
Barnehage, Kultur og Inkludering	9 934 959	11 140 332	1 205 373	-181 744	30 030 000	10 501 913

Barnehage, kultur og inkludering har eit samla positivt avvik på 1,2 mill kroner. Det meste av dette er knytt til tilskot til vaksenopplæring og introduksjonsordninga, men både barnehage og kultur og inkludering har eit positivt avvik. Det er forventa auka aktivitet når det vaksenopplæringa og introduksjonsordninga i høve mottak av flyktningar.

Mål og måloppnåing

Barnehage

Barnehagen arbeider kontinuerleg og systematisk med å fremme et trygt og inkluderande barnehagemiljø.

Implementeringa av inkluderande barnehagemiljø er godt i gang, mellom anna ved at det er utarbeidd eit årshjul. Her er aktivitetane knytt til valte verkty og involverer heile personalet. Slik vil barnehagane bygge ein kollektiv kultur og heilskapleg tilnærming. Inkluderande barnehagemiljø er samstundes knytt til endringa i barnehagelova om det psykososiale barnehagemiljøet som seier at barnehagen ikkje skal godta krenkingar og alle som arbeider i barnehagen skal gripe inn når et barn i barnehagen vert utsatt for slike krenkingar. Det er laga plan for tilsyn i barnehagane på dette området.

Barnehagen arbeider kontinuerleg og systematisk med grunnleggjande ferdigheter med særleg vekt på sosial kompetanse og språkutvikling

Barnehagane nyttar ulike systematiske metodiske opplegg knytt til språkstimulering og samspele. Det er fokus på å bruke språket aktivt i alle kvardagssituasjonar og å legge til rette for barnet sin stemme. To barnehagelærarar har gjennomført vidareutdanning i språkutvikling våren 2022 for å styrke kompetansen i barnehagane.

Barnehagen er aktivt deltagande i nærmiljøet og legg til rette for at barna blir kjend med dei ressursane som finst i si bygd.

Nokre av barnehagane er "Livsgledebarnehagar" og har besøks- og aktivitetsavtale med institusjonar for eldre. Dette har vore vanskeleg under korona, men det vil takast opp att i 2022. Barnehagane gjer seg synlege i lokalmiljøet ved prosjekt og turar og barna får slik ei kjensle av å "høyre til".

Kultur og inkludering

Skapa eit godt samarbeid og arbeidsmiljø i avdelinga

Fleire av dei tilsette er samla i 4. etasje på Heradshuset og det er månadlege møter med fagleg og sosialt fokus for avdelinga.

Ta i bruk Dale skule som kulturygg for innbyggjarane

Biblioteket er aktiv i Datahjelpa og skal etter sommaren overta ansvaret for dette tilbodet. Det skal òg leggast til rette for at frivilligsektoren kan nytta lokala. Kor og korps har øvingar i Dalesalen kvar veke. Bygdekinoen i Dalesalen har denne våren vore eit nytt og populært tilbod. Bassenget er tatt i bruk både som ope for alle innbyggjarar og tilbod gjennom idrettslag. Ungdomsklubben på Dale er òg aktive brukarar av skulen.

Auka del barn som går i kulturskule

Kulturskulen er synleg og aktiv i skule og barnehage. Ukulelekurs for dei eldste i barnehagane er del av rekrutteringsstrategien.

Synleggjera aktivitet og arrangement for innbyggjarane

Avdelinga nyttar aktivt kommunen si informasjonsside i Vaksdalposten tili å informera om aktivitetar.

Aktivt søkje tilskot til aktivitetar og arrangement der det er mogeleg

Avdelinga administrerer Tilskotsportalen og har gjennomført kurs for tilsette og lag og organisasjonar. Etter søknad har vi fått tilskot frå Bufdir på kr. 236 000 til inkludering av barn og unge. Tilskotet skal gå til kultur- fritids- og feieraktivitetar, jobbtilbod og rettleiing og BUA.

Bidra til auka kulturtillbod til ungdom

Aktivitetar som BUA, Ung Vaksdal og prosjektet Alle med senkar terskelen for å delta for barn og unge.

Skule

Oppvekst	Herav					
	Regnskap 2022	Budsjett 2022	Avvik 2022	Korona	Årsbudsjett 2022	Regnskap 2021
Skule	24 626 600	23 108 281	-1 518 319	-403 194	62 276 000	24 475 403

Skule og TBU har eit negativt avvik på vel 1,3 millionar pr 1. tertial. Koronadelen er på om lag 400 000. Meirforbruket i tverrfagleg teneste er knytt til barnevernstenesta. For skule er det slik at 1. tertial speglar att at skulane driftar frå august til august, medan budsjettet er på årsbasis. Skulane endrar ikkje borna sin timeplan etter jul. Dette gjer ein etter sommarferie. Når ramma er redusert frå eit år til ein annan, må skule ta ned i drifta ved ny timeplan. Ein vil derfor sjå meirforbruk på fastløn i første tertial. Fråvær har òg ført til meirforbruk på lønn til vikarar.

Mål og måloppnåing

Skulane skal arbeida vidare med felles praksis innanfor språk -og leseopplæring, samt nytta varierte verktøy for å auke læringsutbyte til elevane.

Skulane har gjennomført språk- og leseutviklinga etter felles leseplan, med leseintensive veker, lesekurs, litteraturveker og dialogmøte. Alle skulane løfter begynneropplæringa i utviklingstid og arbeider kontinuerleg med å gje lesing status hos elevane. Dette gjer skulane ved å arrangere felleslesing eller leseprosjekt på tvers av klassar og på tvers av skule og barnehage, der ein legg opp til ei ekstra flott ramme kring lesinga. Skulane gjennomfører no ei kartlegging knytt til den digitale læringa som grunnlag for vidare felles praksis innanfor digital læring.

Elevane våre skal oppleve at dei høyrer til og medverkar i eit positivt og aktivt læringsfellesskap som aukar den enkelte sitt læringsutbyte.

Alle skulane arbeider med ulike typar aldersblanding eller samarbeid på tvers. Ein gjennomfører hospitering, samarbeidslæringsgrupper og liknande for å auke elevane si inkludering, medverknad og sosial kompetanse knytt til samarbeid. Dette styrkjar relasjonane mellom elevane og er særskild viktig for at dei yngre skal få auka tryggleik i læringsfellesskapet. Nokre skular har heile dagar organisert for å styrkje det positive læringsfellesskapet, medan andre har td uteskule for alle fast på timeplanen.

Vidareføra kvalitetsutvikling i skulefritidsordninga i tråd med ny "Rammeplan for SFO."

Dei tilsette på SFO arbeider saman med sine leiarar med kompetansepakker for SFO utarbeida av Udir. Leiarane fortel at kompetansepakken gjev god støtte i utviklingsarbeidet. SFO-leiarane inkluderer mål frå rammeplanen i sine månadsplanar. Leiarane for SFO møter med skuleleiing i "SFO-på tvers", slik at me kan syte for felles kvalitetsutvikling i heile kommunen.

Tenesteområde helse og meistring

Helse og omsorg	Regnskap 2022	Budsjett 2022	Avvik 2022	Herav Korona	årsbudsjett 2021	Regnskap 2021
Helse og Meistering	51 455 964	47 729 527	-3 726 437	-3 957 502	128 425 000	49 715 499
Politisk/Kommunedirektør/Stab	1 952 202	1 717 058	-235 144	-54 429	4 513 000	1 469 609
Totalsum	53 408 166	49 446 585	-3 961 581	-4 011 931	132 938 000	51 185 108

Tenesteområdet har ei eining som består av to institusjonar med sjukeheimspllassar, heimetenester, bueining for funksjonshemma og tverrfagleg helse. I tverrfagleg helse finn ein legekontor, psykisk helse og rus, helsestasjon og fysio- og ergoterapitenesta.

Tenesteområdet utfører tenester i heile skalaen for tenesteyting og femner om alle alders- og diagnosegrupper. Målet er at den einskilde i størst mogleg grad kan meistra daglege gjeremål og oppleva deltaking, sjølvstende og livskvalitet.

1.terial har vore prega av korona. Drifta har vore krevjande i alle avdelingar, og særleg på Ressurssenteret/Vaksdal sjukeheim. Her har ein hatt to smitteutbrot i starten av året, og på det meste var heile sjukeheimen lagt inn under smittevernrestriksjonar. Utbrota vart handtert etter nasjonale råd og reglar, og ein opplevde godt samarbeid internt i avdelingane, i helse generelt og med kommuneoverlege og tilsynslege. Sjølv om det var ei krevjande tid å stå i, fekk me sett at system, rutinar og samarbeid fungerte bra.

Vaksdal kommune, til liks med mange andre kommunar, nyttar seg av KS sin kompensasjonsavtale for tilsette som tok på seg ekstra arbeid i perioden 20.12.21 til og med 30.04.2022. Avdelingane merka større press knytt til smitte og fråvær blant tilsette enn gjennom resten av pandemien. Dette har samanheng med ny fase i pandemien, der det var venta at fleire vart smitta men med mindre alvorlege symptom. Det er forventa at kommunen held oppe ei viss grad av beredskap til korona også frametter. Kommunen hadde eige koronateam også i 1. tertial, men i mindre grad enn i 2021 og 2020.

Vakante sjukepleiarstillingar er ei utfordring også i 1. tertial 2022. Me har fleire vakante sjukepleiarstillingar både på institusjon og i heimetenesta. Det vert nyttar vikarbyrå i dei tilfelle ein ikkje kan bruke anna kompetanse i dei ledige vaktene.


Bruk av vikarbyrå 1 tertial: 2019-2022

Månad	2019	2020	2021	2022
Jan	72 125	0	333 693	211 013
Feb	147 632	157 587	588 209	236 133
Mars	167 933	330 295	473 089	338 280
April	434 236	269 060	540 336	313 714
Sum 1. tertial	821 927	756 942	1 935 327	1 099 140

Sett vekk frå korona, er drifta i helse og meistring relativt stabil. Hovudutfordringa er å få tilsett sjukepleiar i sjukepleiarstillingar, og ha nok tilgang på vikarar. Sjukefråvær og vakans påverkar behovet for vikarar inn i drifta. Tilgang på vikarar påverkar også bruk av overtid. Både tal vikarar og kompetansen på vikarane spelar inn.

Eininga har i stor grad greidd å ta i mot utskrivingsklare pasientar innan fristen og har til saman hatt 5 betalte liggedøger januar- mars. Tal frå april er ikkje kome enno. Grafen for 1. tertial er difor ikkje fullstendig. Ved utgangen av 1. tertial merka ein auka press frå sjukehus og me har fleire pasientar på korttidsplass som venter på ledig langtidsplass.

Tal utskrivingsklare pr mnd. 2016, 2017, 2018, 2019, 2020, 2021 og til og med mars 2022:



Ung i helse

Eininga skal følgje opp eit politisk vedtak om å organisere Ung i helse sommaren 2022. I løpet av 1. tertial har me planlagt ordninga, og undersøkt med andre kommunar korleis dei har organisert dette. Ungdom mellom 16-18 år skal få sommarjobb i helse, med fokus på aktivitet for eldre. Dei skal gå på topp av bemanning, ikkje som ein del av drifta. Det er løyvd midlar til at 6 ungdom skal få prøve ordninga, og stillingane har vore utlyst i 1. tertial. I alt 15 ungdom har søkt.

Mål og måloppnåing

Mål	Status ved utgangen av 1. tertial
Gjennomføra pårørandemøte på begge institusjonane og i Elvevegen.	Pårørandemøte på institusjon vert gjennomført i løpet av mai 2022. I Elvevegen skjer dette arbeidet individuelt og kontinuerleg.
Gjennomføra brukarundersøking i Omsorg pluss, som inkluderer brukarar, pårørande og tilsette	Er planlagt til hausten 2022
Gjennomføre brukarundersøking etter 1 års drift på dagsenter for personar med utviklingshemming	Er planlagt til hausten 2022
Nyttiggjera oss informasjon som kjem via Norse Feedback i Psykisk helse og rus, både til oppfølging av brukarar og på systemnivå	Arbeidet er starta
Etablere førebyggande heimebesøk som fast ordning i Vaksdal	<p>Me har teke opp igjen arbeidsgruppa som skal planlegge dette arbeidet. Har vore fleire planleggingsmøter og me har friska opp kunnskap på området.</p> <p>Me har hatt informasjon om førebyggande heimebesøk i Eldrerådet og i Pensionistlaget, og fått innspel til annonsering og organisering.</p>

Integrera helsestasjon som del av helse- og meistringseininga, og samstundes halda på tverrfagleg samarbeid med oppvekst	Arbeidet er starta. Dei tilsette på helsestasjon har fått ny leiar, avd.leiar for Tverrfagleg helse. Kommunepsykolog er blitt knytt opp mot ressursteam inn mot skulane.
Halde fram med å digitalisere rutinar i helse og meistring	Arbeidet er i gang
Nytta erfaring frå Tenketanken og velferdsteknologi inn mot Elvevegen	Me har deltatt på møter i Tenketanken og har ein plan for innføring av MamoPlanner til bebuarar i Elvevegen.
Tildele velferdsteknologi på lik linje med andre tenester	Arbeidet er i gang
Halde fram med å bruke musikk miljøterapeutisk i demensomsorga og nytta erfaring frå dette inn mot dei andre sjukeheimsavdelingane	Arbeidet er i gang
Nytta det det siste året med finansiert rusprosjekt til å forbedra rusoppfølging på individ – og systemnivå i ordinær drift	Me deltek i nettverksgruppe opp mot DPS og AFR, i regi av Helse-bergen. Me ser og på moglegheiter for samarbeid opp mot DPS ang FACT team, dette er under utgreiing. Det er også sett i gang arbeid med å etablere ROP-forløp i samhandling med DPS.
Saman med tillitsvalte jobba for å nå mål om heiltidskultur og ta i bruk turnusordningar som mogleggjer dette	Arbeidet er i gang. Nytt årsturnus-år skal forhandlast i løpet av 2. tertial. Ein knyter timebank til ledige fagarbeidarstillingar der dette er hensiktsmessig.

Digitalisering, innovasjon og samfunn

Tenesteområdet samlar ulike fagmiljø som saman er viktig for folkevekst, næringsutvikling og entreprenørskap, omdømme og identitet. Tenesta har ansvar for både tenesteyting, samfunnsutvikling og utøving av kommunalt mynde.

Med små og sårbare fagmiljø er kommunen avhengig av kjøp av meir spesialiserte tenester og større kapasitet både i drift og ved investeringar. Tenesteområdet deltek også i interkommunalt samarbeid og faglege nettverk innan fleire fagområde.

Innan tenesteområdet finn ein funksjonar og tilskot som stimuleringsmidlar til bustader og til etablering, tilskot til arbeid med næringsutvikling gjennom Vaksdal Næringselskap AS, samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd vedkomande badeplassar mv. og tilskot til ulike aktivitetar ulike stader i kommunen.

Økonomi:

Samfunnsutvikling	Regnskap 2022	Budsjett 2022	Avvik 2022	Herav Korona	Årsbudsjett 2022	Regnskap 2021
Politisk/Kommunedirektør/Stab	1 253 490	2 535 200	1 281 710	0	6 650 000	0
Samfunn	16 492 172	13 406 827	-3 085 345	-148 024	38 728 000	14 386 701
Totalsum	17 745 662	15 942 027	-1 803 635	-148 024	45 378 000	14 386 701

Avviket pr 1. tertial er svært høgt med over 3 mill i meirforbruk. Avviket er knytt til flaumskaden på Vaksdal som skal føres på drift, mellombels føring av kostnader etter brann i Stanghelle barnehage og meirforbruk brøyting og vegvedlikehald i vinter. Det er også meirforbruk på brann og redning, både i eiga drift og i overføringer til 110 sentral og Vest brann og redning. Deler av avviket på brann skuldast feil i budsjetteringa. I tillegg er det noko ekstrakostnader knytt til større saker som vilkårsrevisjonar og transformatorstasjon, knytt til korona og auka vikarbruk/overtid ved sjukefråvær. Ein del av avviket kan rette seg i året, men meirkostnadane til utforutsette hendingar kan ikkje dekkast innafor ramma utan reduksjon i stillingar.

Mål og måloppnåing pr.1 tertial

- [Ferdigstille områdeplanar for Vaksdal og Stanghelle](#)
Status: Arbeidet med å ferdigstille områdeplanane er godt i gang. Planen for Vaksdal vert prioritert først sidan Vaksdal ligg inne i første byggetrinn i veg/bane-utbygginga. Planutkast og føresegner for områdeplan Vaksdal er venta ferdig i 2022.
- [Ferdigstille breibandsplanen](#)
Status: Planen vert lagt fram til behandling 1. halvår.
- [Utarbeide høyringsuttalar til vilkårsrevisjonar](#)
Status: Høyringsuttalar vart lagt fram og vedtatt i januar.
- [God framdrift i byggeprosjekta for Vaksdal skule og helse- og omsorgsbygget på Vaksdal](#)
Status: Skulen vil stå ferdig til oppstart neste skuleår. SFO vil nytte bygget litt i juni. Helse og omsorgsbygget skal stå klar til innflytting hausten 2023. Begge prosjekta har tidvis litt forseinka framdrift som dei prøver å ta inn i andre fasar av prosjektet.
- [Auka kompetanse og kapasitet innan plan og bygesak](#)
Status: Ny sakshandsamar starta i vinter og vil tilføre både kompetanse og kapasitet til dette feltet.

Budsjettpremisser for 2022

- Utarbeide høyringsuttalar til vilkårsrevisjonar
- Ferdigstille reguleringsplan for Dale gravplass
- Ferdigstille Hovudplan for VA

Premisser som er lagt til grunn i budsjettet er venta gjennomført i året. Stillinga som VVA ingeniør har vore vakant sidan februar, slik kompetanse er vanskeleg å rekruttere og er pr april framleis ikkje tilsett. Hovudplanen for VA er dermed noko forsinka, ein del av arbeidet som står att må kjøpast inn eksternt. Framdriftsplanen er justert, men målet er å ferdigstille planen i år.

Samfunn

Eininga Samfunn spenner frå eigedomsforvaltning, veg, vatn og avlaup, brann og redning til plan og areal, byggesak, natur og miljø, klima, land- og skogbruk, vilt og fiske, vassdrag og sjø, kart og oppmåling, kulturminne og prosjektstyring. Spennet i kompetanse og arbeidsoppgåver innan eininga er stort og krev godt tverrfagleg samarbeid. Tenesta deltek også i interkommunalt samarbeid der det er formålstenleg, til dømes for å sikre betre kvalitet og kapasitet. Dette gjeld m.a brann og beredskap, veterinærteneste, vatn og avlaup og kart/GIS.

Pr 1.tertial er nyttilsett kommuneadvokat, med ansvar for byggesak og juridiske saker, i gang.

Status større arbeidsområde i 2022:

Planar

Fleire større planar er under arbeid i tenesteområdet:

- Kommuneplanen, samfunnsdel og klima/miljø
- Områdeplanar Vaksdal og Stanghelle
- Interkommunal plan for sjøareal
- Breibandplan
- Hovudplan VA
- Reguleringsplan Dale gravplass
- Reguleringsplan Bussterminal Dale
- Reguleringsplan Dalegarden

I tillegg bidrar eininga i arbeid med kommunedelplanar og temoplanar for andre tenesteområde.

Rullering kulturminneplan og oppstart sentrumsplan Dale ventar på ledig kapasitet.

Revisjon av konsesjonsvilkår i dei store vassdraga i kommune

Natur- og miljømessige forhold skal vurderast og betrast, sett opp mot kraftproduksjon.

Høyringsuttalar til revisjonsdokumenta er sendt i februar. Det er venta at revisjonane vil pågå utover i 2022-2023.

Prosjekt

Ansvar for gjennomføring av utbyggingsprosjekt er i all hovudsak lagt til tenesteområdet. Dei store byggeprosjekta som ny skule og nytt helse- og omsorgsbygg på Vaksdal krev svært mykje med omsyn til ressursbruk og styring av prosjekta. Vatn og avlaup (VA) er kritisk infrastruktur i samfunnet. Vedlikehald og fornying av anlegg og leidningsnett er avgjerande for å sikre innbyggjarane ei trygg vassforsyning og eit velfungerande avlaupsnett. Hovudplanen for VA skal ferdigstilla i 2022 og fleire prosjekt skal planleggast i samsvar med planen.

Sikring mot ras og flaum vert stadig viktigare. Heftigare nedbør har i seinare år medført utfordringar med overvatn. Pr 1.terial har det vore to hendingar knytt til ras: utrasing til kommunal veg og eit steinsprang i bustadområde. Områda er rydda og sikra/utbetra. Overvatn er ein aukande utfordring i alle kommunar. Eldre infrastruktur er ikkje tilpassa dagens nedbørsmengder, noko skaden på idrettsbana på Vaksdal i vinter viser til fulle. Slike skadar avdekker også vanskelege grunnforhold, uvisse knytt til fyllmassar og rør. Etablering av ny infrastruktur er nødvendig, men kostbart. For idrettslaget er situasjonen med stengt bane svært vanskeleg.

Utvikling av bustad- og næringsområde

Kommunen har begrensa næringsareal og interessa for slikt areal er aukande. Både leige og kjøp er aktuelt. Statnett har i ny konsesjonssøknad frigitt arealet på Dalegarden. Regulering av næringsarealet der ein opnar for anna arealformål kan med det starte opp. Planen utvidar ikkje næringsområdet, men opnar for detaljhandel på arealet.

Kommunen har samla sett tilstrekkeleg bustadareal i arealplanen. På Vaksdal har private utbyggjarar både tomtar og bustadbygg for sal. Tomtar for einebustadar og tomannsbustadar er tilgjengelege. Andre utbyggjarar har også planar om å realisere sitt areal om etterspurnaden aukar. På Stanghelle har Arkoconsult fått løyve til igangsetjing av byggetrinn 2 på Tettaneset.

Fleire av berekraftmåla omhandlar område som er viktig for klima og miljø: rent vatn, rein energi, innovasjon og infrastruktur, berekraftige byar og samfunn, ansvarleg forbruk og produksjon, stoppe klimaendringane, liv under vatn og på land



Digitalisering og arkiv

Post/arkivforvaltning, tilrettelegging og koordinering av digitalisering og innovasjon er lagt til tenesteområdet. Kommunen er med i interkommunalt arkiv i Hordaland og interkommunalt samarbeid om IKT tenester og digitalisering.

Utviklingsarbeidet pågår for fullt og involverer heile organisasjonen. Kommunen er med i oppgåvefellesskap med andre kommunar (IKTNH) og i det regionale samarbeidet Digi Vestland. Kommunen deltar i regionale og nasjonale prosjekt innan alle sektorar. Vaksdal kommune har også deltatt, i samarbeid med HIB og næringsklynga NSC, i eit europeisk fellesprosjekt (DISH). Prosjektet har utvikla ein verktøykasse for suksessfull implementering og effektiv opplæring av e-helse og velferdsteknologi. Vaksdal har utvikla og teste ut ein god metode for innføring og opplæring i samband med ny teknologi i heimetenesta. Prosjektet har gått over 3 år og vart avslutta i april i år.

Kommunen er sårbar innafor arkivforvaltninga der ressursane er begrensa. Samarbeid i regionen og bistand frå interkommunalt arkiv hjelper på situasjonen. Sidan dette er ei utfordring for alle kommunar er det tilsett ein felles fagressurs i IKT samarbeidet frå hausten. Kommunane vil her få hjelp til oppsett og integrasjonar av fagarkiv og andre oppgåver knytt til arkiv og digitalisering. Arkivverket og interkommunalt arkiv støttar ei slik løysing. Begge er med i arkivprosjektet m.a. om digital innsynsløysing som pågår i samarbeidet. Prosjektet har i år fått innovasjonsmidlar frå Statsforvaltaren.

Felles økonomi

Sentraliserte støttefunksjonar, politisk og administrativ styring og ein del tilskot til andre vert ført her, det same gjeld premieavvik og amortisering av tidlegare års premieavvik.

Her finn ein kostnader som er felles for heile kommunen som politisk styring og revisjon, ymse overføringer og tilskot, kommunedirektør, stab og støttefunksjonar som t.d. økonomi , HR, Innbyggjar service, sakshandsaming og ymse felleskostnader som bedrifts- helseteneste, forsikringar, kontingentar, medlemskap, kjøp frå andre kommunar eller private mv.

Felles økonomi	Korrigering	Regnskap 2022	Budsjett 2022	Avvik 2022	Herav Korona	Rev årsbudsj	Regnskap 2021
Politisk/Kommunedirektør/Stab	0	9 772 665	9 392 056	-380 609	-204 315	17 128 000	11 761 446
Totalsum	0	9 772 665	9 392 056	-380 609	-204 315	17 128 000	11 761 446

Budsjettet er venta å gå i balanse ved årsslutt. Sårbarheit, både for kompetanse og kapasitet, er ei driftsmessig utfordring i stab og støtte-funksjonane. Det har i dei siste åra vore utgreidd og vurdert meir samarbeid med andre kommunar i regionen for å redusere risikoene i viktige funksjonar. Kommunen deltar ikkje lenger i dette arbeidet.

Mål og måloppnåing

Utviklingsarbeid

Kommunen har mellom anna starta opp prosjekt med for opplæring i digital bruk for eldre og har starta med chat boot commune kari.

Vidareutvikle kommunikasjon og innbyggartilbod

Det vert jobba med å vidareutvikle vår innbyggarservice og kommunikasjonsarbeidet generelt.

Delta i interkommunalt samarbeid

Kommunen deltar i mange ulike samarbeidsformer med andre kommunar. Alt frå formelle samarbeid etter kommunelova og selskapslova til faglege nettverk og faglege nettverk. Dette utviklar kompetansen vår, styrkar tenesteutviklinga og reduserer sårbarheita i organisasjonen.

Implementering av strategisk kompetanseplan

Kommunen jobbar med å implementere strategisk kompetanseplan, og alle einingane er i gang med å lage dette innanfor sitt felt. Arbeidet er venta å bli avslutta i løpet av året og vil då gje eit godt bilde på den kompetansen kommunen må ha for å møte framtidas krav.

Revisjon arbeidsgjærpolitikk og lønspolitikk

Revideringa er så smått starta pr 1 tertial men vil bli jobba med utover året.

Utarbeide innkjøpsstrategi

Kommunen har utarbeida innkjøpsstrategi som blei vedteke i 1 tertial. Det vil bli jobba med å følgje opp denne strategien i organisasjonen gjennom heile året.

Vedlegg 1. Saker til Kommunestyret pr 1 tertial

Møtedato	Sakstittel	Saksnr
25.01.2022	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE	01/2022
25.01.2022	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL	02/2022
25.01.2022	REFERATSAKER OG MELDINGAR	03/2022
25.01.2022	Orientering- Ny handlingsplan for bruk av tilskotsmidler frå BKK sitt interkommunale viltfond etter Eksingedalsreguleringa	03/2022.1
25.01.2022	Tempoplan pr 17.01.22	03/2022.2
25.01.2022	REVISJON AV KONSESJONSVILKÅR FOR EKSINGEDALSVASSDRAGET OG TEIGDALSVASSDRAGET - HØYRINGSUTTALE	04/2022
25.01.2022	REVISJON AV KONSESJONSVILKÅR FOR BERGSDALSVASSDRAGET OG TORFINNSVASSDRAGET - HØYRINGSUTTALE	05/2022
25.01.2022	KONSESJONSSØKNAD DALE TRANSFORMATORSTASJON - HØYRING	06/2022
25.01.2022	KS SITT DEBATTHEFTE - PÅ SAMME LAG	07/2022
25.01.2022	SØKNAD OM FØREHANDSTILSEGN - OPPLEVINGS- OG KOMPETANSEENTER - VAKSDAL MØLLE	08/2022
25.01.2022	STILLINGSSTORLEIK POLITISK LEIING VAKSDAL KOMMUNE	09/2022
29.03.2022	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE	10/2022
29.03.2022	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL	11/2022
29.03.2022	REFERATSAKER OG MELDINGAR	12/2022
29.03.2022	Tempoplan pr mars 22	12/2022.1
29.03.2022	Slik fungerer kommunestyret best - oppdatert etter temamøte 15.03.22	12/2022.2
29.03.2022	Lovgrunnlag for kommunen til å endre eige vedtak	12/2022.3
29.03.2022	Svar på spørsmål om brannstasjon	12/2022.4
29.03.2022	Oppfølging av spørsmål - Tilfluktsrom	12/2022.5
29.03.2022	svar på spørsmål om trafikksikringsplan	12/2022.6
29.03.2022	Orientering om Nordhordland UNESCO biosfære	12/2022.7
29.03.2022	HEILSKAPLEG ROS ANALYSE	13/2022
29.03.2022	INNKJØPSSTRATEGI VAKSDAL KOMMUNE	14/2022
29.03.2022	ØKONOMIREGLEMENT VAKSDAL KOMMUNE	15/2022
29.03.2022	SØKNAD OM STRAUMSTØTTE FRÅ VAKSDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD	16/2022
29.03.2022	RAMMEPLAN FOR KULTURSKULEN - MANGFALD OG FORDJUPING	17/2022
29.03.2022	PLAN FOR LEVE HEILE LIVET REFORMA I VAKSDAL KOMMUNE	18/2022
29.03.2022	AKTIVITETEN DAGSENTER - DRIFT OG BRUKARBETALING	19/2022
29.03.2022	SAMTYKKE TIL UTSETJING AV PERSONLEG BUPLIKT PÅ LANDBRUKEIGEDOM GBR. 41/1 KALLAND I VAKSDAL KOMMUNE	20/2022
29.03.2022	JUSTERT FRAMLEGG TIL KOMMUNALE RETNINGSLINER FOR HANDSAMING AV SAKER OM MOTORFERDSLE I UTMARK I VAKSDAL KOMMUNE	21/2022
29.03.2022	NY LOKAL FORSKRIFT OM SPREIING AV GJØDSEL AV ORGANISK OPPHAV, VAKSDAL KOMMUNE, VESTLAND	23/2022
29.03.2022	KLAGEHANDSAMING AV VEDTAK OM DISPENSASJON FOR OPPFØRING AV FRITIDSBUSTAD PÅ GBNR 61/7 YKSENDALEN	22/2022
29.03.2022	ARBEIDSTØY FOR TILSETTE I VAKSDAL KOMMUNE	24/2022
29.03.2022	VAL AV ÅRSMØTEREPRESENTANT - VISIT BERGEN	25/2022
29.03.2022	SAMANSETTING AV STYRET FOR KOMMUNALT FØRETAK AO-SENTERET VALPERIODEN 2019 - 2023	26/2022
29.03.2022	ÅRSMELDING KONTOLLUTVALET I VAKSDAL KOMMUNE FOR 2021	27/2022
29.03.2022	BUSETTING AV FLYKTNINGAR FRÅ UKRAINA 2022	28/2022

29.03.2022	PRIORITERING AV SPELEMIDLAR FOR LOKALE KULTURARENAER 2022		29/2022
29.03.2022	OPPROP - NEI TIL KRIG - JA TIL DEMOKRATI		30/2022
29.03.2022	INTERPELLASJON - MAKSPRIS PÅ STRAUM		31/2022
29.03.2022	INTERPELLASJON - GRATIS SANITÆRPRODUKT VED SKULANE I VAKSDAL		32/2022
29.03.2022	INTERPELLASJON - KONTROLL AV BYGGPLASSAR MED VAKSDAL KOMMUNE SOM BYGGHERRE		33/2022
29.03.2022	DAGSTURHYTTE NR 2		34/2022
29.03.2022	NY AVFALLSFORSKRIFT FOR HUSHALDNINGSAVFALL		35/2022
29.03.2022	REGIONAL TRANSPORTPLAN - INNSPEL TIL ØKONOMISK HANDLINGS- OG INVESTERINGSPROGRAM 2022 – 2033.		36/2022
05.04.2022	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE		37/2022
05.04.2022	FORSLAG TIL AVTALE OM ADMINISTRATIVT VERTSKOMMUNESAMARBEID GJELDANDE BARNEVERNSTENESTA		38/2022

Vedlegg 2 Andre vedlegg

Rapport aksjer og obligasjoner – pr 30.04.22

Rapport gjeldsportefølgjen – pr 30.04.22